

Notat 2005–20

**Økonomien i jordbruket på Vestlandet
1995–2004
Samdrifter**

Ane Margrethe Lyng
Heidi Knutsen
Torbjørn Haukås
Jon Sværen

| | |
|---------------------|---|
| Tittel | Økonomien i jordbruket på Vestlandet. 1995–2004. Samdrifter |
| Forfattere | Ane Margrethe Lyng, Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Jon Sværen |
| Utgiver | Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) |
| Utgiversted | Oslo |
| Utgivelsesår | 2005 |
| Antall sider | 70 |
| ISBN | 82-7077-633-5 |
| ISSN | 0805-9691 |

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1 000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Det er stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet. I tillegg er det er eit mål for NILF å gjere data frå driftsgranskingsdata lettare tilgjengelege.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det deltek 181 bruk frå Vestlandet i granskinga, om lag 60 bruk frå kvart fylke. Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel tre, er deflaterterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien, er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Driftsgranskingsdata i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved all kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Vestlandet.

Torbjørn Haukås har skrive kapittel to. Heidi Knutsen har skrive kapittel fire og Ane Margrethe Lyng er ansvarleg for resten av teksten. Jon Sværen er ansvarleg for tabellane i kapittel fem. Takk til Anne Bente Ellevold som har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, desember 2005
Ivar Pettersen

Innhald

| | | |
|-------|--|----|
| 1 | INNLEIING | 1 |
| 2 | SAMDRIFTER | 3 |
| 3 | TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET | 5 |
| 3.1 | Resultatmål i jordbruket | 5 |
| 3.1.1 | Driftsoverskot | 5 |
| 3.1.2 | Vederlag til arbeid og eigenkapital (Jordbruksinntekta)..... | 7 |
| 3.1.3 | Lønsevne per time | 9 |
| 3.2 | Skogbruket | 10 |
| 3.3 | Tilleggsnæring | 11 |
| 3.4 | Totaløkonomien på vestlandsbruka..... | 12 |
| 3.4.1 | Nettoinntekt..... | 12 |
| 3.5 | Nettoinvestering | 15 |
| 3.6 | Gjeld | 16 |
| 3.7 | Soliditet - eigenkapitalprosent..... | 18 |
| 3.8 | Variasjon innanfor driftsforma mjølk/ storfeslakt..... | 18 |
| 4 | DRIFTSRESULTATET I JORDBRUKET PÅ VESTLANDET 2004..... | 21 |
| 5 | TABELLSAMLING 2000 – 2004..... | 25 |
| 6 | FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA..... | 69 |

Figurer

| | | |
|------------|--|----|
| Figur 3.1 | Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet | 6 |
| Figur 3.2 | Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet | 6 |
| Figur 3.3 | Jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet..... | 7 |
| Figur 3.4 | Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -storfekjøtt og sau | 8 |
| Figur 3.5 | Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt | 9 |
| Figur 3.6 | Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet..... | 9 |
| Figur 3.7 | Lønsevne per time for dei ulike driftsformene | 10 |
| Figur 3.8 | Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet..... | 11 |
| Figur 3.9 | Driftsoverskot for tilleggsnæringar i gjennomsnitt for Vestlandet..... | 11 |
| Figur 3.10 | Driftsoverskot for dei ulike driftsformene i 2004..... | 12 |
| Figur 3.11 | Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet..... | 13 |
| Figur 3.12 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien med mjølk- og storfeproduksjon | 13 |
| Figur 3.13 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien med produksjonsforma mjølk og sau | 14 |
| Figur 3.14 | Prosentvis fordeling av samla inntekt til fruktbruka på Vestlandet..... | 14 |
| Figur 3.15 | Prosentvis fordeling av samla inntekt for dei som driv med sau på Vestlandet | 15 |
| Figur 3.16 | Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet | 15 |
| Figur 3.17 | Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt..... | 16 |
| Figur 3.18 | Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka..... | 17 |

| | |
|---|----|
| Figur 3.19 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer | 17 |
| Figur 3.20 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene | 18 |
| Figur 4.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2004 | 23 |

Tabeller

| | |
|--|----|
| Tabell 2.1 Samdrifter i mjølkeproduksjonen samanlikna med store mjølke- produksjonsbruk | 4 |
| Tabell 3.1 Variasjon. Mjølke/ storfeslakt, 100–200 daa. Vestlandet 2004 | 19 |
| Tabell 4.1 Samla oversikt for 2004 | 23 |

Tabellsamling

| | |
|---|----|
| Tabell 1 Landsdeltal, Vestlandet | 26 |
| Tabell 2 Fylkestal, Hordaland | 29 |
| Tabell 3 Fylkestal, Sogn og Fjordane | 32 |
| Tabell 4 Fylkestal, Møre og Romsdal | 35 |
| Tabell 5 Vestlandet, storleiksgrupper, gruppe 1 (under 50daa), alle driftsformer | 38 |
| Tabell 6 Vestlandet, storleiksgruppe II (50–100 daa), alle driftsformer | 41 |
| Tabell 7 Vestlandet, storleiksgruppe III (100–200 daa), alle driftsformer | 44 |
| Tabell 8 Vestlandet, storleiksgruppe IV (200–300 daa), alle driftsformer | 47 |
| Tabell 9 Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer | 50 |
| Tabell 10 Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon | 53 |
| Tabell 11 Vestlandet, driftsformer, sauehald | 56 |
| Tabell 12 Vestlandet, driftsformer, mjølke og svin | 59 |
| Tabell 13 Vestlandet, driftsformer, mjølke og sau | 62 |
| Tabell 14 Vestlandet, driftsformer, frukt | 65 |

1 Innleiing

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk har ei lang historie. Noregs Vel starta driftsgranskingar alt i 1911. Granskinga vart overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)¹ ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med driftsgranskingane er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering. Vidare skal driftsgranskingane gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje hjelp til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk, er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert mellom fem og ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

Oppbygging av notatet

I 2004 var det i alt med 947 bruk i driftsgranskingane. Av desse kom 181 bruk frå Vestlandet. Dette notatet tar for seg den økonomiske utviklinga i jordbruket på Vestlandet dei siste 10 åra, med hovudvekt på rekneskapsåret 2004.

I kapittel to har vi sett nærare på samdrifter og samanlikna dei med andre store bruk i driftsgranskingane. Kapittel tre viser utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og

¹ NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettnemda i jordbruket

totaløkonomien til brukarfamilien dei siste ti åra. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdata er deflaterte etter konsumprisindeksen.

Fjerde kapittel inneheld den årlege pressemeldinga for Vestlandet som omhandlar driftsresultatet i jordbruket for året 2004.

Kapittel fem er sjølve tabellsamlinga som inneheld tal frå driftsgranskingane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske data i kapittel fem (tabellane) er nominelle tal for åra, og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.

2 Samdrifter

Stadig fleire mjølkeprodusentar slår seg saman og startar samdrifter. Ved inngangen til 2004 var det registrert 1 058 samdrifter med mjølkeproduksjon i heile landet. Ved utgangen av året var talet auka til 1 236 (Statens Landbruksforvaltning). Inntil 2004 har samdriftene ikkje vore representerte i driftsgranskingane. I 2004 vart det tatt inn 13 samdrifter med mjølkeproduksjon i driftsgranskingane. I alt er det 27 bruk med i desse samdriftene. For seks av samdriftene er det berre den eine brukaren som er aktiv. Desse bruka er derfor gått inn i materialet på ordinær måte, ved at resultatet av samdrifta er slege saman med resultatet til brukaren.

Dei andre sju samdriftene har to eller tre aktive brukarar, og er derfor handsama spesielt i driftsgranskingane. Rekneskapan for samdrifta er slegen saman med rekneskapan til brukarane, slik at resultatata viser driftsoverskot for heile verksemda. All jordbruksdrift på dei aktuelle eigedommane er med, det vil seie samdrifta og jordbruksverksemda til alle brukarane. Vederlag for alt arbeid og eigenkapital per årsverk viser då eit gjennomsnitt for samdrifta og brukarane. Privatøkonomien for desse driftseiningane er ikkje teken med.

Resultat frå alle samdriftene er presentert i tabellen under og samanlikna med ei gruppe med store mjølkebruk i driftsgranskingane. Det er vanskeleg å samanlikne desse gruppene direkte fordi det er mykje svinehald på enkelte av samdriftene. Det som karakteriserer gruppene med samdrifter, er at det er større kjøttproduksjon på storfe og større grovfôrareal per årsku. Når det gjeld arbeidsinnsatsen per årsku, vil samdriftene få eit høgare timetal enn mjølkebruka fordi dei har svinehald i tillegg.

Det er liten skilnad mellom gruppene i oppnådde prisar på produkta. Det er høgare mjølkepris på samdriftene, mest fordi dei andre store mjølkebruka har produsert over kvote. På samdriftene utgjør tilskot ein høgare del av produksjonsinntektene. Det kjem hovudsakleg av driftstilskotet for samdrifter. Dessutan er noko av årsaka at samdriftene er jamt fordelt i regionar, medan dei store mjølkebruka er konsentrert i område utan distriktstilskot.

På kostnadssida har samdriftene lågare kostnader til leigd arbeid. Kostnader til bygningar er høgare på samdriftene, då mange har investert i nybygg i samband med etableringa. Det er også vesentleg høgare kapitalinnsats per årsku på samdriftene, både på grunn av nybygg og fordi bygningar for to driftseiningar ligg inne.

Går vi på resultatmåla, ser vi at det er små skilnader mellom gruppene. Vederlag til arbeid og egenkapital er høgast på samdriftene med kr 195 200 per årsverk, mens de store mjølkebruka oppnådde kr 182 500 per årsverk. På grunn av stort innslag av sideproduksjonar på nokre av samdriftene, er det vanskeleg å vurdere om lønnsmda i mjølkeproduksjonen er betre eller dårlegare på samdriftene enn på liknande mjølkebruk drivne av enkeltbønder.

Tabell 2.1 Samdrifter i mjølkeproduksjonen samanlikna med store mjølkeproduksjonsbruk

| | Samdrifter | Store mjølkebruk |
|--|------------|------------------|
| Tal bruk | 13 | 21 |
| Jordbruksareal, daa | 461 | 437 |
| Grovfor per arsku, daa | 13,8 | 12,9 |
| Avling i alt, FEm per daa | 441 | 462 |
| Tal arskyr | 30,1 | 33,8 |
| Produsert mjølk, kg per arsku | 6 922 | 6 685 |
| Produsert kjøt, kg per arsku | 351 | 243 |
| Mjølkekvote liter | 189 982 | 195 597 |
| Omsett mjølk | 185 854 | 199 999 |
| Arbeidsinnsats i alt, timar | 5 030 | 4 681 |
| Utført av: Familien/partnarar | 3 931 | 2 984 |
| Leigd arbeidshjelp | 617 | 1 132 |
| Ubetalt arbeid | 483 | 564 |
| Per arsku | 167 | 138 |
| Oppnådde prisar, Mjølk, kr per l | 3,50 | 3,44 |
| Kukjøt, kr per kg | 28,39 | 28,69 |
| Anna storfekjøt, kr per kg | 33,36 | 33,35 |
| Produksjonsinntekt i alt, kr | 1 708 000 | 1 549 400 |
| Herav: Mjølk | 650 200 | 688 600 |
| Livdyr og slakt | 313 500 | 278 100 |
| Andre husdyrinntekter | 139 600 | 84 200 |
| Tilskot | 524 600 | 390 700 |
| Tilskot i % av prod.inntekter | 30,7 | 25,2 |
| Kostnader i alt, kr | 1 202 600 | 1 195 000 |
| Variable kostnader | 635 300 | 541 100 |
| Herav: Innkjøpt for | 358 600 | 306 900 |
| Faste kostnader | 567 300 | 653 900 |
| Herav: Leigd arbeid | 78 300 | 157 600 |
| Maskiner | 117 400 | 122 100 |
| Driftsbygningar | 135 200 | 116 100 |
| Dekningsbidrag | 1 072 700 | 1 008 300 |
| Dekningsbidrag ekskl. tilskot | 534 600 | 604 300 |
| Innsett kapital, kr per arsku | 100 600 | 75 400 |
| Eigenkapitalprosent | 41 | 42 |
| Driftsoverskot jordbruk, kr | 505 400 | 354 400 |
| Vederlag til arbeid og EK, kr per årsverk | 195 200 | 182 500 |
| Vederl. Til familiens arbeid og EK, kr per årsverk | 189 800 | 158 500 |
| Familiens arbeidsforteneste, kr per årsverk | 160 600 | 131 300 |
| Lønsevne, kr per time | 91,96 | 87,61 |

3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

Dette kapittelet viser ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå og med 1995 til og med 2004. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Nokre av gruppene er små, for dei kan utskifting av bruk og større investeringar på ein skilde bruk gje store utslag på resultatata.

Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 2004-kroner etter konsumprisindeksen.

3.1 Resultatmal i jordbruket


Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time.

3.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og gje vederlag til både eigen og lånt kapital.

Utviklinga for Vestlandet følgjer same trenden som resten av landet, men overskotet ligg på eit lågare nivå (*figur 3.1*). Årsaka til dette er at bruka på Vestlandet er mindre enn landsgjennomsnittet.

For Vestlandet har driftsoverskotet halde seg jamt rundt kr 200 000 gjennom perioden. Lågaste driftsoverskot var det i 1999 med kr 182 000, og høgast i 2002, med kr 215 000.




Figur 3.1 Driftsoverskot for heile landet og Vestlandet

Mjølkeproduksjon kombinert med storfekjøtt er den største driftsforma på Vestlandet (figur 3.2). Driftsoverskotet har halde seg stabilt mellom kr 200 000–250 000 gjennom heile perioden. Beste resultat var 2002 med kr 240 000 i driftsoverskot.

Kombinasjonen mjølk- og svin har det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden, og enda med eit driftsoverskot i 2004 på kr 365 000.

Driftsresultatet til fruktbruka svingar frå år til år, avhengig av avlingsresultat. Frå 2003 til 2004 var det berre ein liten auke i driftsoverskot. I 2004 hadde fruktbruka bra avling, og ein pris per kilo på eple på om lag kr 6. Det gav ein auke i produksjonsinntekter på frukt på 25 prosent, men lågare tilskot og høge fast kostnader gjorde at sluttresultatet ikkje vart betre enn i 2003.

Sauehald har eit jamt over lågt driftsoverskot, og det har vore små endringar siste fire åra.




Figur 3.2 Driftsoverskot i middel per bruk for ulike driftsformer på Vestlandet

3.1.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital (Jordbruksinntekta)

Jordbruksinntekta er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og viser kor mykje som er att til å dekke alt arbeid på bruket (også leigd hjelp), og til forrenting av eigenkapitalen.


Figur 3.3 viser jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet. Jordbruksinntektene for Vestlandet har hatt eit snitt på om lag kr 140 000 i perioden. I 2004 var jordbruksinntektene per årsverk på kr 148 000, og det er det nest beste resultat gjennom tiårs perioden. Oppgangen i 2004 har årsak i produksjonsauke, lågare rente og høgare kilopris på ku- og storfekjøtt.



Figur 3.3 Jordbruksinntektene per årsverk for heile landet og Vestlandet

Det har vore ein gjennomsnittleg prisauke på ku- og storfekjøtt i vårt utval på høvesvis kr 1,53 og 1,94 per kg, frå 2003 til 2004 (figur 3.4). Saman med ein produksjonsauke i perioden er det hovudårsaka til oppgangen.


Driftsforma mjølk/ sau viser ikkje same utvikling, trass i at dei også har hatt produksjonsauke, både på omsett mjølk og kjøtt. Dei har auka timebruken med 324 timar siste år, og det gjer at jordbruksinntekta per årsverk går ned. Begge gruppene mjølk/ -gris og -storfe har redusert timebruken frå 2003 til 2004.



Figur 3.4 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene mjølk/ gris, -storfekjøtt og -sau

Jordbruksinntektene for fruktbruka viser ein positiv trend siste åra, etter botnnotering i 2001 (figur 3.5). I 2004 hadde fruktbruka ei stor auke i produksjonen og fekk difor eit betre resultat enn året før, trass lågare prisar og kostnadsauke. Særleg dei faste kostnadene har auka mykje siste år.

Sauehald er den produksjonsforma i utvalet som har lågaste jordbruksinntekta, men dei har hatt ein svak auke i jordbruksinntekta dei siste tre åra. Også her skuldast det bet-
 ra resultatet produksjonsauke. Prisane på sau- og lammekjøtt har gått jamt nedover, og var i 2004 i snitt på kr 27,24 per kg.




Figur 3.5 Jordbruksinntektene per årsverk for driftsformene sau og frukt

3.1.3 Lønsevne per time


Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid delt på alle innsette arbeidstimar. Lønsevna syner kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Lønsevna per time for vestlandsbruka viser ein positiv trend siste halvdel av perioden, og er høgast i 2004 med kr 70 for Vestlandet, og kr 81 per time for heile landet (figur 3.6).



Figur 3.6 Lønsevne per time for heile landet og for Vestlandet


Lønsevna for driftsforma mjølk /storfe har gått opp siste halvdel av perioden, og var i 2004 like under kr 80 (figur 3.7). Driftsforma mjølk/ sau har hatt mindre endringar, og lønsevna har lege mellom kr 55 og 60 per time gjennom perioden fram til 2004. Då vart lønsevna kr 61,50 per time. Frukta bruka har hatt store svingingar i lønsevne, og også dei har det beste resultatet i 2004. Lønsevna for sauebruka gjekk ned i åra frå 1998 til 2001. Dei siste åra har lønsevna for denne driftsforma auka noko igjen, og vart ?? i 2004.



Figur 3.7 Lønsevne per time for dei ulike driftsformene

3.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv ikkje aktivt skogbruk, og driftsoverskotet frå skogen utgjir berre ein liten del av totalinntekta. På nokre bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje, særleg på Nordmøre. Driftsoverskotet for skogen er lågt gjennom heile perioden, og særleg siste halvdel (figur 3.8).




Figur 3.8 Driftsoverskot per bruk i skogbruket på Vestlandet

3.3 Tilleggsnæring

Bruka som er med i driftsgranskingane, vert rekrutterte med tanke på jordbruksproduksjonen på bruket. Eit av krava for at eit bruk skal kunne vere med i driftsgranskingane, er at jordbruksdrifta skal vere av ei viss storleik. Det vert ikkje rekruttert bruk med tanke på den tilleggsnæringa som vert driven på bruket. Det har derfor førebels ikkje vore eit mål at driftsstatistikken skal vere representativ for tilleggsnæring. Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring som tek utgangspunkt i ressursane på bruket.


Driftsoverskotet for tilleggsnæring har hatt ein jamn auke gjennom perioden, og er høgast i 2004 med om lag kr 20 000 i snitt (figur 3.9).



Figur 3.9 Driftsoverskot for tilleggsnæringar i gjennomsnitt for Vestlandet

I gjennomsnitt betyr tilleggsnæring lite for bruka som er med i driftsgranskingane, men for enkeltbruk er tilleggsnæring eit viktig bidrag til den samla inntekta på bruket. Figur 3.10 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i 2004 for ulike driftsformer. I alt 68 av dei 181 vestlandsbruka som var med driftsgranskingane i 2004, hadde ei eller anna form for tilleggsnæring.

For bruka på Vestlandet er det leigekjøring og turisme som gjev høgast driftsoverskot, og det er også dei to driftsformene det er registrert flest av på Vestlandet. Driftsoverskot for dei som driv med turisme, er nesten dobla sidan 2003.




Figur 3.10 Driftsoverskot for dei ulike driftsformene i 2004

3.4 Totaløkonomien på vestlandsbruka

3.4.1 Nettoinntekt


Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løner, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.

Nettoinntekta for vestlandsbruka har auka gjennom perioden, på linje med resten av landet (figur 3.11).




Figur 3.11 Nettoinntekt i middel per bruk for heile landet og for Vestlandet

Figurane under (figur 3.12 – figur 3.15) viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien, i kvar av dei fire hovudproduksjonane på Vestlandet. For bruka med mjølk og storfe på vestlandet utgjør driftsoverskotet frå jordbruket ein stadig mindre del av dei samla inntektene. I 1995 henta mjølkebonden nærare 60 prosent av inntekta frå jordbruket, i 2004 utgjør driftsoverskotet frå jordbruket berre 42 prosent av dei samla inntektene. I den same perioden har løsinntektene auka med 10 prosentpoeng.




Figur 3.12 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien med mjølk- og storfeproduksjon

For produsentane av mjølk og sau utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 53 prosent av dei samla inntektene til brukarfamilien i 1995 (figur 3.13). I 2004 utgjorde jordbruket berre 46 prosent. Delen frå løsinntekter er redusert i perioden, og brukarfamilien hentar ein større del av inntekta frå andre næringar no enn for 10 år sidan.




Figur 3.13 Prosentvis fordeling av samla inntekt til brukarfamilien med produksjonsforma mjølk og sau

For fruktbruka utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket om lag 40 prosent av samla inntekt i 2004, mot 50 prosent ti år tidligare (figur 3.14). Lønsinntektene er nå den viktigaste inntektskjelda for brukarfamilien og inntekter frå tilleggsnæring er ikkje mykje å seie for gjennomsnitts bruket



Figur 3.14 Prosentvis fordeling av samla inntekt til fruktbruka på Vestlandet

Sauebruka hentar svært lite av inntekta frå jordbruket (figur 3.15). Dei får hovudinntekta som lønsinntekt, og det hor vore små endringar gjennom perioden.




Figur 3.15 Prosentvis fordeling av samla inntekt for dei som driv med sau på Vestlandet

3.5 Nettoinvestering

Nettoinvesteringar er investeringar gjort i løpet av året, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde eigedelar. Positiv nettoinvestering vil seie ei oppbygging av produksjonsapparatet.


Vestlandet har hatt positiv nettoinvestering gjennom perioden, med unntak av 2000 (figur 3.16). Den høgaste nettoinvesteringa var i 2004 med kr 66 000 per bruk i gjennomsnitt. Store investeringar i bygningar på enkeltbruk er mykje av årsaka.



Figur 3.16 Nettoinvesteringar for heile landet og Vestlandet

Sjølv i relativt store grupper, vil større investeringar på enkeltbruk gje utslag for gjennomsnittet for gruppa. Ein må derfor vurdere nettoinvestering over tid.

Bruka med driftsformene mjølk/ storfekjøt, sauehald og fruktproduksjon har hatt moderate investeringar dei siste 10 åra (figur 3.17). I 2004 vart det gjennomført store investeringar på nokre større mjølkebruk, og det har gjeve utslag på nettoinvesteringane for Vestlandet. Det er driftsforma mjølk/ svin som i snitt har hatt dei høgaste investeringane i perioden. (Korfor? Kva?)




Figur 3.17 Nettoinvesteringar for driftsformene mjølk/ svin, mjølk, sau og frukt

3.6 Gjeld


Gjeld er her all gjeld for brukerfamilien, også privat gjel slik som gjeld bustad, bil og studielån.

I løpet av siste 10 års perioden har samla gjelda for vestlandsbøndene nesten vorte dobla, til om lag ein million i gjennomsnitt (figur 3.18). Det er bruka med mjølk/ svin som har den høgaste gjelda (figur 3.19). Desse bruka har hatt høge investeringar i samband med endra husdyrforskrifter og auke i produksjonen.

Bruka med frukt og bruka med sauehald har svært låg gjeld. Desse driftsformene har ikkje fornya driftsapparatet dei siste åra.



Figur 3.18 Gjeld i middel per bruk for heile landet og vestlandsfylka



Figur 3.19 Gjeld i middel per bruk for ulike driftsformer


3.7 Soliditet - egenkapitalprosent

Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke nøkkeltal for å vise dette, mellom anna egenkapitalprosenten. Den viser kor stor del av egedelane som er finansiert med eigenkapital.

Det er ei vanleg oppfatning at egenkapitalprosenten bør vere over 50. Høg egenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår. Inntening og rente på lånt kapital har mykje å seie for kor høg egenkapitalprosenten treng vere. I materialet er alle egedelar til brukarfamilien med.

Ser vi på dei ulike driftsformene, er det driftsforma mjølk/ svin som har lågast egenkapitalprosent, og det er god samanheng mellom dei årlege endringane i gjeld og nettoinvesteringane for desse bruka (figur 3.20). Mykje av dei investeringane som er gjennomførte dei siste åra, er finansierte med lånt kapital.

Mjølkebruka har også redusert egenkapitalprosenten gjennom perioden, men ligg godt over dei tilrådde 50 prosentane. For dei andre driftsformene har egenkapitalprosenten vore svært stabil, og høg gjennom heile perioden.



Figur 3.20 Eigenkapitalprosent for dei ulike driftsformene

3.8 Variasjon innanfor driftsforma mjølk/ storfeslakt

Her skal vi sjå på innbyrdes variasjon mellom bruk med driftsforma mjølk/ storfeslakt. Bruka er sorterte etter driftsoverskot (medrekna tilskot) per liter mjølk. Dette sorteringskriteriet er valt fordi mjølkekvota er den knappaste ressursen for mange. Bruka er delte i tre grupper: Tredelen som har høgaste driftsoverskot, tredelen med lågaste driftsoverskot og tredelen med driftsoverskot rundt snittet. Uttrykk som høgt og lågt, viser berre til størrelsen på resultatmåla. I denne samanheng gjeld: Desto høgare inntekter, og desto lågare kostnader, desto betre. Nokre variablar som kan bidra til å forklare differansen i resultat, er tekne med.

For å kunne samanlike og gjere ein variasjonsanalyse, er det viktig at bruka er så like som mogleg. Av 181 bruk som var med i driftsgranskingane for Vestlandet i 2004, var

84 bruk med driftsforma mjølk/ storfeslakt. Av desse 84 bruka var det 41 som hadde mellom 100–200 daa, og dei utgjorde den største gruppa i utvalet.

Tabell 3.1 Variasjon. Mjølk/ storfeslakt, 100–200 daa. Vestlandet 2004

| Vestlandet | Gjennom- snitt | Standard- avvik | Gruppa med høgaste drifts- overskot | gruppa med lagaste drifts- overskot | |
|---|-------------------|--------------------|--|---|-----|
| | | | | Total | % |
| Tal bruk | 41 | | 14 | 14 | |
| Areal per bruk, daa | 148 | 27 | 140 | 154 | 110 |
| Alder på brukar | 47 | 10 | 49 | 43 | 88 |
| Driftsoverskot, kr per l mjølk | 2,46 | 1,20 | 3,49 | 1,55 | 44 |
| Driftsoverskot i jordbruket, kr per bruk | 199 500 | 80 600 | 235 800 | 131 600 | 56 |
| Vederlag til arbeid og eigenkapital, kr/ arsverk | 165 000 | 63 000 | 175 300 | 132 400 | 76 |
| Tal arskyr | 13,3 | 4,2 | 12,0 | 13,7 | 114 |
| Grovfor per arsku, daa | 12,4 | 5,3 | 14,0 | 12,2 | 87 |
| Avling i alt, FEm per daa | 423 | 126 | 415 | 406 | 98 |
| Arbeidsforbruk, timer per arsku | 229 | 103 | 267 | 214 | 80 |
| Levert mjølk, l per arsku | 6 552 | 684 | 6 145 | 6 545 | 107 |
| Mjølkepris, kr per l | 3,39 | 0,22 | 3,39 | 3,44 | 101 |
| Produksjonsinntekt mjølk, kr per arsku | 20 249 | 2 552 | 18 777 | 20 976 | 112 |
| Produksjonsinntekt kjøt, kr per arsku | 8 339 | 4 002 | 7 901 | 8 525 | 108 |
| Produksjonstilskot, kr per arsku | 24 346 | 6 389 | 25 973 | 23 101 | 89 |
| Variable kostnader, kr per arsku | 16 101 | 6 660 | 13666 | 17 759 | 130 |
| Faste kostnader, kr per arsku | 20 079 | 6 866 | 16 324 | 25 206 | 154 |
| Leigd arbeid, kr per arsku | 4 363 | 2 228 | 3 914 | 5 088 | 130 |

4 Driftsresultatet i jordbruket på Vestlandet 2004

Driftsgranskingane i jordbruket er basert på eit tilfeldig utval av 947 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 181 bruk frå Vestlandet; 57 i Hordaland, 62 i Sogn og Fjordane og 62 i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet for desse bruka var i middel 179 dekar, 12 dekar meir enn i 2003. Arbeidsinnsatsen til familien var i 2004 i middel 2 293 timar. Dette utgjer 1,2 årsverk à 1 845 timar og er ein nedgang på 1 prosent. Leigd arbeid utgjer 720 timar, ein auke på 2,2 %. Jordbrukskapitalen var i middel per bruk kr 1 214 400.

Hovudtendensar for 2004:

- **Auke i jordbruksinntektene**
- **Auka investeringar**

Etter nedgang i **jordbruksinntekta** i 2003, auka inntektene med 10 prosent til kr 147 900 per årsverk i 2004. Det er om lag same nivå som i 2002. Jordbruksinntektene er her definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka. Best gjennomsnittresultat oppnådde dei bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med svinehald, med kr 173 800 per årsverk. Også dei andre hovudproduksjonane på Vestlandet, mjølkeproduksjon, sauehald og fruktproduksjon, hadde ein auke i resultatet frå 2003 til 2004.

Produksjonsauke og reduserte rentekostnader er viktige årsaker til det betra resultatet, sjølv om dei andre kostnadene auka noko frå 2003 til 2004.

Mjølkeprisen var om lag uendra frå 2003 og prisen på storfekjøtt auka litt. Prisen på svinerjøtt, smågris og sau- og lammekjøtt gjekk noko ned.

Gjennom fleire år har **investeringane** på Vestlandsbruket vore låge. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året. I 2004 viser tala auka investeringar i alle tre fylka, og gjennomsnittsbruket hadde ei nettoinvestering på kr 66 000. Det er dei største bruka som har investert mest, og av fylka er det Hordaland som hadde størst nettoinvestering med kr 85 100.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med **bruksstorleik og driftsform**. Av dei 181 bruka på Vestlandet som er med, har 8 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 32 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 79 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 42 bruk har mellom 200 og 300 dekar. Sytten bruk er større enn 300 dekar. Jordbruksinntekta per årsverk for dei minste bruka var kr 116 500, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 159 100 per årsverk. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i vederlag mellom gruppene.

Mjølkeproduksjon har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (84). Talet på årskyr var i 2004 i middel 15,2, ein auke på 0,6 frå 2003. Mjølkebruket har i middel 203 dekar jord, ein auke på 17 dekar. Jordbruksinntekta per årsverk auka med kr 14 400 til kr 163 300. Det er fleire årsaker til framgangen, mellom anna auka produksjon, redusert arbeidsforbruk og reduserte rentekostnader har vore viktig.

Kombinasjonen **mjølkeproduksjon/svinehald** har tradisjonelt hatt best lønsemd på Vestlandet. Dette er relativt store bruk med 201 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 14 bruk med eit middels produksjonsomfang på 15 årskyr, 24 purker og 320 slaktegrisar. Etter eit dårleg år i 2003 auka jordbruksinntekta med 24 prosent per årsverk, til 173 800 i 2004. Desse bruka har auka produksjon, både for mjølk og slaktegris, og arbeidsforbruket er gått noko ned. Kostnadene er reduserte, så sjølv om prisane både på slaktegris og smågris har gått ned, er det auke både i driftsoverskot per bruk og jordbruksinntekt per årsverk. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen.

Sauehaldet (17 bruk) viser framgang i 2004 samanlikna med 2003. Jordbruksinntekta per årsverk auka med 26 prosent frå 2003, til kr 69 300. Produksjonen har auka, og sjølv om prisane på sau- og lammekjøt har gått noko ned, har produksjonsinntektene auka. Moderat kostnadsauke gjer at driftsoverskot og jordbruksinntekter aukar. Bruka med einseitig sauehald hadde ei negativ nettoinvestering i 2004. Det vil seie at produksjonsapparatet ikkje vert fornya på desse bruka.

Det var eit brukbart avlingsår for fruktprodusentane i 2004, og gruppa med **frukt/sauehald** (18 bruk) hadde framgang i 2004. Jordbruksinntekta auka med 17 prosent frå 2003, til kr 160 900 per årsverk. Fruktinntektene er viktige på desse bruka, og jordbruksinntektene svingar i takt med fruktavlingane.

Driftsgranskingane viser at driftsoverskotet frå jordbruket utgjer om lag 40 prosent av **familien sine samla inntekter**. Næringsinntekter utan om jordbruk som har basis i ressursane på bruket (også skog), utgjer om lag 4 prosent. Resten av dei samla inntektene vert henta utanom bruket.

Samla gjeld auka med kr 83 400 i 2004, og utgjer i middel kr 1 001 300 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Det gjev ein gjeldsprosent på 41. Samla innbetaling av gjeldsrenter gjekk ned med kr 14 300 til kr 30 700 per bruk.

Maksimalt **jordbruksfrådrag** var kr 61 500 i 2004. Maksimal skattereduksjon per bruk vert då 17 220. For å oppnå dette, må næringsinntekta frå jordbruket vere over 170 000. I gjennomsnitt på Vestlandet utgjorde jordbruksfrådraget kr 53 600 per bruk. Inntektsverknaden av dette er ikkje teke omsyn til i dei presenterte resultatmåla frå driftsgranskingane.


Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 181 bruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 2004

| | Tal bruk | Gj. areal dekar | Driftsoverskot pr. bruk | | Jordbruksinntekt pr. årsverk | |
|------------------------|----------|-----------------|-------------------------|---------|------------------------------|---------|
| | | | 2003 | 2004 | 2003 | 2004 |
| Vestlandet, alle | 181 | 179 | 191 600 | 202 600 | 134 000 | 147 900 |
| Bruk < 50 dekar | 8 | 40 | 73 300 | 117 300 | 72 500 | 116 500 |
| « 50 - 100 dekar | 32 | 78 | 138 000 | 145 400 | 117 500 | 127 300 |
| « 100-200 dekar | 79 | 150 | 198 200 | 189 900 | 140 900 | 150 700 |
| « 200-300 dekar | 42 | 237 | 220 500 | 240 300 | 139 700 | 159 100 |
| « 300-500 dekar | 17 | 352 | 250 300 | 283 500 | 127 000 | 147 700 |
| Mjølkeproduksjon | 84 | 204 | 213 100 | 223 500 | 145 900 | 163 300 |
| Mjølk/sauehald | 27 | 222 | 188 900 | 212 300 | 127 500 | 128 800 |
| Mjølk/svinehald | 14 | 201 | 341 200 | 365 000 | 140 300 | 173 800 |
| Sauehald | 17 | 133 | 38 400 | 46 000 | 54 900 | 69 300 |
| Frukt m. sau | 18 | 62 | 182 800 | 186 600 | 137 400 | 160 900 |
| Mjølk Hordaland | 15 | 188 | 161 300 | 182 500 | 126 500 | 149 800 |
| Mjølk Sogn og Fjordane | 28 | 164 | 204 800 | 191 900 | 147 100 | 153 100 |
| Mjølk Møre og Romsdal | 41 | 237 | 239 800 | 260 200 | 151 400 | 174 000 |

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen



Figur 4.1 Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–2004

5 Tabellsamling 2000 – 2004

1. Landsdeltal, Vestlandet
2. Fylkestal, Hordaland
3. Fylkestal, Sogn og Fjordane
4. Fylkestal, Møre og Romsdal
5. Vestlandet, storleiksgruppe I (under 50 daa), alle driftsformer
6. Vestlandet, storleiksgruppe II (50 - 100 daa), alle driftsformer
7. Vestlandet, storleiksgruppe III (100 - 200 daa), alle driftsformer
8. Vestlandet, storleiksgruppe IV (200 – 300 daa), alle driftsformer
9. Vestlandet, storleiksgruppe V (over 300 daa), alle driftsformer
10. Vestlandet, driftsformer, mjølkeproduksjon
11. Vestlandet, driftsformer, sauehald
12. Vestlandet, driftsformer, geitehald
13. Vestlandet, driftsformer, mjølk og svin
14. Vestlandet, driftsformer, mjølk og sau
15. Vestlandet, driftsformer, frukt

Tabellsamlinga inneheld tabellar med tal frå driftsgranskingane for åra 2000–2004. Det er presenterte tabellar for kvart fylke, storleiksgrupper og dei viktigaste driftsformene. Tabellane er nummererte fortløpande, og kvar tabell er delt inn i tre delar, a, b og c. Del a, produksjonstekniske data og oppnådde prisar, inneheld opplysningar om tal bruk som er med, arealopplysningar, opplysningar om produksjon og yting, arbeidsforbruk og oppnådde prisar. I del b, produksjonsinntekter og kostnader per bruk, finn ein produksjonsinntekter frå planteproduksjon, husdyrhald og produksjonstillegg og variable og faste kostnader. Den siste delen, c, resultat og balanse, viser ulike resultatmål og ei oversikt over balansen pr 31.12.

Tabell 1a Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonstekniske data og opnadde prisar

| Periode | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 |
|---|--------|--------|-------|--------|--------|
| Tal bruk i gruppa | 171 | 172 | 178 | 177 | 181 |
| Alder på brukar | 47 | 47 | 46 | 45 | 45 |
| Arealfordeling og avling per dekar | | | | | |
| Korn i alt, daa | 1,7 | 2,5 | 3,6 | 4,4 | 4,3 |
| Korn i alt, FEm per daa | 366 | 289 | 354 | 302 | 310 |
| Grovfor i alt, daa | 130,0 | 139,9 | 152,0 | 158,9 | 170,4 |
| Grovfor i alt, FEm per daa | 379 | 370 | 367 | 346 | 353 |
| Frukt og bær, daa | 3,9 | 3,4 | 3,3 | 3,2 | 3,4 |
| Jorbruksareal i alt, daa | 136,9 | 147,1 | 160,2 | 167,7 | 179,3 |
| Jorbruksareal i alt, FEm per daa | 376 | 366 | 367 | 345 | 352 |
| Leigd areal, daa | 38,4 | 43,5 | 50,8 | 53,9 | 58,4 |
| Husdyrproduksjon | | | | | |
| Arskyr | 8,9 | 9,1 | 9,3 | 9,6 | 10,1 |
| Omsett mjølk, liter | 48 840 | 49 666 | 51431 | 54 436 | 58 451 |
| Mjølkekvote | 50 231 | 51 364 | 53991 | 57 070 | 61 034 |
| Mjølk, per arsku, kg | 6156 | 6231 | 6306 | 6 403 | 6 574 |
| Storfekjøtt, kg omsett | 2190 | 2027 | 2052 | 2 284 | 2 534 |
| Tal grisekull | 3 | 3 | 3 | 3 | 4 |
| Slaktegris, kg omsett | 1120 | 1526 | 1435 | 2 134 | 2 118 |
| Vinterfora sauer | 20 | 23 | 26 | 28 | 26 |
| Kg kjøtt per vf sau | 26 | 24 | 25 | 24 | 25 |
| Ull, kg omsett | 101 | 126 | 125 | 138 | 128 |
| Mjølk per arsgreit, kg | 491 | 506 | 438 | 493 | 494 |
| Arbeidsforbruk, timar | | | | | |
| Brukar | 1 923 | 1 954 | 1903 | 1 949 | 1 953 |
| Ektefelle | 350 | 312 | 344 | 356 | 330 |
| Barn under 17 ar | 40 | 27 | 16 | 14 | 9 |
| Sum familie | 2 312 | 2 293 | 2 263 | 2 319 | 2 293 |
| Leigd arbeid | 409 | 402 | 475 | 428 | 433 |
| Leigd arbeid, ubetalt | 240 | 236 | 280 | 276 | 287 |
| Timar jordbruket | 2 961 | 2 931 | 3 018 | 3 024 | 3 012 |
| Timar skogbruket | 65 | 69 | 52 | 50 | 44 |
| Timar nyanlegg | 42 | 45 | 62 | 44 | 60 |
| Oppnadde prisar, kr per kg / ltr | | | | | |
| Bygg | 1,58 | 1,48 | 1,71 | 1,64 | 1,48 |
| Havre | 1,63 | | | | |
| Kumjølk, liter | 3,16 | 3,40 | 3,52 | 3,46 | 3,44 |
| Kukjøtt | 23,60 | 25,39 | 25,23 | 26,54 | 28,07 |
| Anna storfekjøtt | 27,87 | 30,79 | 30,28 | 31,46 | 33,40 |
| Smagris, kr per stk | 615 | 745 | 773 | 774 | 673 |
| Svinekjøtt, slaktegris | 18,87 | 20,35 | 21,73 | 21,58 | 21,10 |
| Sau- og lammekjøtt | 30,73 | 29,20 | 28,69 | 30,13 | 28,44 |
| Ull | 31,00 | 32,43 | 33,57 | 33,86 | 32,08 |
| Geitemjølk, liter | 3,76 | 3,77 | 3,67 | 3,40 | 3,72 |
| Egg | 10,10 | 10,47 | 12,49 | 13,72 | 12,77 |

2) Timar ubetalt leigd arbeid er berekna for ara 1999 tom 2001

Tabell 1b Landsdelstal, Vestlandet
Produksjonsinntekter og -kostnader per bruk

| Periode | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Korn | 652 | 645 | 1 750 | 1 770 | 928 |
| Frukt | 23 746 | 16 248 | 24 473 | 17 509 | 25 821 |
| Andre planteprodukt | 4 280 | 8 212 | 8 108 | 6 382 | 7 627 |
| Planteprodukt | 28 679 | 25 104 | 34 332 | 25 662 | 34 376 |
| Storfe, mjølk | 154 126 | 168 846 | 181 039 | 188 422 | 201 319 |
| Stofe, livdyr og slakt | 67 390 | 66 934 | 72 577 | 81 853 | 86 547 |
| Smagris | 5 300 | 7 781 | 9 113 | 10 226 | 8 353 |
| Slaktegris | 22 360 | 31 884 | 31 068 | 48 305 | 42 153 |
| Purker og ranar | 3 169 | 4 550 | 6 606 | 3 648 | 5 771 |
| Sau, livdyr og slakt | 17 753 | 16 478 | 17 317 | 20 818 | 19 429 |
| Ull | 3 440 | 3 694 | 4 278 | 4 614 | 3 957 |
| Geit, mjølk | 4 034 | 4 221 | 3 389 | 4 412 | 4 478 |
| Geit, livdyr og slakt | 251 | 211 | 363 | 192 | 146 |
| Fjørfe, egg | 9 139 | 7 754 | 2 850 | 7 080 | 3 187 |
| Fjørfe, livdyr og slakt | -1 452 | 1 312 | 737 | 1 471 | 3 357 |
| Andre innt. husdyrholdet | 212 | 652 | 159 | 1 789 | 602 |
| Husdyrprodukt | 285 723 | 314 317 | 329 495 | 372 830 | 379 298 |
| Areal- og kulturlandskapt tillegg, grovfor | 48 487 | 48 710 | 54 317 | 56 707 | 59 164 |
| Areal- og kulturlandskapt tillegg, korn | 738 | 716 | 1 072 | 1 595 | 1 814 |
| Prod. tillegg, husdyr | 54 503 | 54 002 | 59 943 | 63 936 | 68 036 |
| Botnfradrag | | | -6 092 | -6 000 | -6 000 |
| Ref. avløysarutgifter | 39 890 | 38 923 | 45 064 | 36 817 | 37 937 |
| Drifts-, grunn og distr.tilskot 2) | 84 905 | 80 817 | 86 235 | 82 418 | 83 397 |
| Andre tilskot og trygder | 19 372 | 16 111 | 20 842 | 22 796 | 22 661 |
| Leigeinntekter traktor og reiskap | 5 680 | 4 200 | 5 932 | 5 793 | 6 472 |
| Traktor i skogen | 2 027 | 2 450 | 2 253 | 2 043 | 1 855 |
| Anna | 3 791 | 453 | 2 360 | 2 257 | 2 579 |
| Produksjonsinntekter i alt | 573 796 | 585 804 | 635 752 | 666 853 | 691 588 |
| Kraftfor | 102 726 | 109 228 | 110 683 | 128 111 | 127 500 |
| Andre forkostnader | 6 752 | 4 940 | 4 612 | 7 619 | 6 491 |
| Savarer | 1 763 | 2 275 | 2 426 | 3 094 | 2 457 |
| Handelsgjødsel og kalk | 14 919 | 15 522 | 16 890 | 17 279 | 18 477 |
| Konserveringsmidlar | 4 667 | 4 522 | 5 089 | 5 602 | 5 212 |
| Kjøp av dyr | 10 650 | 12 700 | 17 583 | 24 488 | 23 480 |
| Forbr.art. og diverse | 27 313 | 28 533 | 31 179 | 34 331 | 38 076 |
| Variable kostnader | 168 791 | 177 720 | 188 461 | 220 522 | 221 692 |
| Leigd arbeid | 50 494 | 52 241 | 53 517 | 53 346 | 57 205 |
| Drivstoff | 7 748 | 7 802 | 8 889 | 9 312 | 10 077 |
| Vedl. hald jord, vegar, grøft, vassanlegg | 3 380 | 3 447 | 3 669 | 2 772 | 4 101 |
| Vedl. hald driftsbygningar | 14 649 | 14 890 | 16 406 | 17 608 | 18 801 |
| Vedl. hald traktor og maskiner | 24 520 | 25 136 | 29 834 | 32 764 | 33 034 |
| Avskrivingar | 67 163 | 66 787 | 67 505 | 70 808 | 70 961 |
| Maskinleige | 6 386 | 6 200 | 7 667 | 10 493 | 12 588 |
| Andre kostnader | 45 170 | 48 682 | 51 316 | 57 579 | 60 488 |
